

31.12.2021

ÅRSRAPPORT 2021

NØMIL
NORDFJORD MILJØVERK

Saman for eit betre miljø!

EIDSMONA 36 – 6823 SANDANE. ORG.NR. 977 549 833

INNHALD:

Kapittel	Overskrift	Side
1	Nordfjord Miljøverk IKS	s. 3
2	Styret sitt arbeid	s. 3
3	Tilsette	s. 3
4	Abonnement	s. 4
5	Utadretta verksemd	s. 4
6	Motteke avfall og gjenvinningsgrad	s. 4
7	Gjenbruksstasjonar	s. 6
8	Ivahola avfallsplass	s. 8
9	Handsaming av innsamla fraksjonar	s. 8
10	Anbod og avtalar 2021	s. 9
11	Økonomi	s. 9
12	Budsjett	s. 10
13	Årsverk og likestilling	s. 10
14	Arbeidsmiljø	s. 10
15	Organisasjon	s. 10
16	Ytre Miljø	s. 11
17	Avslutning	s. 11
18	Årsrekneskap 2021 med notar	s. 12
19	Revisjonsmelding for 2021	s. 19

STYRETS ÅRSMELDING 2021

1. NORDFJORD MILJØVERK IKS

Nordfjord Miljøverk IKS, NoMil er eit interkommunalt selskap. Føremålet med NoMil er å utføre kommunane Stryn, Kinn, Gloppen, Stad og Bremanger sine oppgåver med innsamling av avfall frå hushalda, jf. § 30 og § 34 i Forureiningslova. Kommunane har i meldingsåret ein eigardel i NoMil som svarer til folketalet i 2021, og heftar såleis uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

2. STYRET SITT ARBEID

Styremedlemmar og varamedlemmar vert valde av representantskapet med funksjonstid på 2 år. Styret i selskapet skal etter vedtektene ha eit medlem pr. medlemskommune, og har i 2021 hatt slik samansetjing:

Styremedlemmar:

Sven Flo, styreleiar
Siri Sandvik, nestleiar
Jan Henrik Nygård
Gunnvor A. Sunde
Espen Sortevik

Varamedlemmar:

Haldor Hove
Jan Vidar Smenes
Helga Husevåg
Per Ståle Husevåg
Nina Grotle

Kommune:

Stryn
Stad
Kinn
Gloppen
Bremanger

Styret har i 2021 handsama 36 saker fordelt på 5 møter, og har mellom anna handsama følgjande saker:

- Årsrekneskap og årsmelding for 2020
- Budsjett for 2022 og Økonomiplan 2022-2025
- Gebyr- og slamforskrift for 2022
- Oppfølging av drifta i samband med ny kommunestruktur
- Etablering av klageutval
- Endring av selskapsavtale
- Revisjon av instruks for styre og dagleg leiing
- Biogassanlegg i Nordfjord
- Drøftingar kring eigarskap i dotterselskap

Representantskapet har i 2021 hatt 2 møte og handsama 13 saker. Leiar av representantskapet er Leidulf Gloppestad og nestleiar er Sidsel Kongsvik.

3. TILSETTE

Administrasjonen.

Ved utgangen av 2021 var det tilsett 7 personar i hovudadministrasjonen i Eidsmona.

Hovudmottak Eidsmona.

Mottaket har 8 tilsette med ansvar for drift av hovudanlegget, handtering av alt avfall og drift av gjenbruksstasjonen for Gloppen. I tillegg er det ein tilsett som har dagleg oppfølgingsansvar for alle gjenbruksstasjonane til NoMil.

Renovasjonsavdelingane.


Renovasjonsavdelinga for Nordfjord-regionen er lokalisert på Nordfjordeid og har 13 tilsette. Gjenbruksstasjonen og renovasjonsavdelinga i Purkeholta i Florø har 8 tilsette.

I tillegg har vi eigne deltidstilsette til å drift av gjenbruksstasjonane i Vedvik, Smørhamn og Stølsborden.

4. ABONNENTAR

Følgjande tabell viser talet på hushaldningsabonnentar og fritidshus- og hytteabonnentar, fordelt kommunevis:

Kommunar	Tal husholdningar		Fritid		Sum abonnement	
	År 2021	År 2020	År 2021	År 2020	År 2021	År 2020
Bremanger	1503	1503	661	626	2164	2129
Stad	3729	3683	491	486	4220	4169
Gloppen	2322	2274	371	113	2693	2387
Stryn	2744	2699	1205	1186	3949	3885
Kinn	6605	6524	1133	1061	7738	7585
Sum	16903	16683	3861	3472	20764	20155



Tabell 1: Hushaldning- og fritidsabonnement fordelt på kommunane

5. UTADRETТА VERKSEMD

På NoMil sine nettsider (www.nomil.no) finn abonnentar og andre interesserte informasjon om NoMil sine ordningar, til dømes tømmekalender, opningstider og prisar for levering. Heimesida vert jamleg oppdaterte med aktuelt stoff.

NoMil brukar SMS-varsling til den einskilde abonnent med informasjon om ny tømme kalender, endring eller innstilte tømmeruter med vidare.

NoMil har eigen mobilapplikasjon som varslar om levering av avfall, oversikt over gjenbruksstasjonane, sorteringsguide og anna informasjon.

NoMil nyttar og andre sosiale media som til dømes facebook for å nå ut til våre abonnentar med nyttig informasjon på ein rask og kostnads-effektiv måte.

Gode elektroniske drifts- og støttesystem opnar for effektiv informasjonsflyt og god service til abonnentar og eigarar.

6. MOTTEKE AVFALL OG GJENVINNINGSGRAD


6.1 Avfall frå hushalda

Totalt tok NoMil i mot i overkant av 15 059 tonn hushaldningsavfall i 2021. Mengda avfall har gått ned 120 tonn frå 2020, noko som utgjer ein reduksjon på under 1%.

Mengda restavfall har gått ned med 367 tonn tilsvarande 5,5% det siste året.

Tabellen under viser samansettinga av det motteke avfallet frå hushalda.

Motteke avfall frå hushaldningane i 2021	tonn	kg/innb	andel %
Restavfall dunk	3 150	73	20,9
Restavfall gjenbruksstasjon	3 105	72	20,6
Matavfall	2 879	67	19,1
Plastemballasje	421	10	2,8
Papp, papir og kartong	1 511	35	10,0
Glas- og metallemballasje	745	17	4,9
Trevirke	1 012	23	6,7
EE-avfall	357	8	2,4
Anna avfall	1 276	29	8,5
Farleg avfall	603	14	4,0
Totalt	15 059	348	100,00



Tabell 2: Avfall motteke frå hushalda 2021


Av den samla avfallsmengda frå hushalda var 57,8 % henta hos abonnentane, og 42,2 % vart levert til gjenbruksstasjonane. I 2020 var 52,6 % henta hos abonnentane, og 47,4 % vart levert til gjenbruksstasjonane.

6.2 Gjenvinningsgrad for avfall frå hushalda.

Av den samla mengda av hushaldsavfall som ein handterer, går 1,5% til deponi og anna behandling. Dette er avfall som ikkje kan leverast til forbrenning (betong, porselen, keramikk m.m.), samt enkelte typar farleg avfall. Restavfall går til forbrenning med energiutnytting. Materialgjenvinningsgrad for hushaldningsavfall var i 2021 på 30% mot 28% i 2020, ei auke på 2,0%. Energigjenvinningsgrada gjekk ned med 2,5% til frå 71% i 2020 til 68,5% i 2021.

Ved normale driftsforhold, forventar ein at materialgjenvinningsgrada dei komande åra vil nærme seg nivået før 2020.

	År 2021	År 2020	År 2019	År 2018	Noreg 2017
Materialgjenvinning	30,0 %	28 %	48 %	47 %	39 %
Energigjenvinning	68,5 %	71 %	50 %	49 %	57 %
Material+energigjenvinning.	98,5 %	99 %	98 %	96 %	96 %
Deponi/anna	1,5 %	1 %	2 %	4 %	4 %
SUM	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %




Tabell 3: Fordeling etter behandlingsmåte for hushaldsavfall i NoMil, vektbasert.

6.3 Næringsavfall

Av dei totalt 20.026 tonna med avfall som NoMil tok i mot i 2021, kom nærare 5000 tonn/ 25% frå næringsdrivande. Restavfall utgjer ein mykje større del av næringsavfallet (80%) enn i avfallet frå hushalda (42%), og gjenvinningsgrada vert difor låg. Mengda restavfall frå næringsdrivande har gått ned 5% siste år. Om lag 2/3 av dette er restavfall som vert levert direkte til hovudanlegget på Sandane.

Tabellen under viser motteke mengde næringsavfall i 2021.

Motteke avfall frå næringslivet i 2021	tonn	andel %
Restavfall dunk	986	19,85
Restavfall gjenbruksstasjon	297	5,98
Restavfall direktelevert	2 683	54,02
Papp, papir og kartong	38	0,77
Glas- og metallemballasje	13	0,26
Trevirke	634	12,76
EE-avfall	36	0,72
Anna avfall	244	4,91
Farleg avfall	36	0,72
Totalt	4 967	100,00



Tabell 4: Fordeling etter behandlingsmåte for næringsavfall i NoMil, vektbasert.

7. GJENBRUKSSTASJONAR

NoMil har ein gjenbruksstasjon i Stryn, ein i Gloppen, og to i kvar av kommunane Bremanger, Stad og Kinn. Gjenbruksstasjonane tek i mot avfall som ikkje kan takast med på våre ordinære henteordningar. Alle gjenbruksstasjonane har mottak for restavfall, trevirke, metall, EE-avfall og farleg avfall. Dei fleste gjenbruksstasjonane har ope to gongar i veka, og er i snitt bemanna med 2 personar.


Det er betalingsordning for levering av avfall til gjenbruksstasjonane. Levering av EE-avfall, glas- og metallemballasje, bleier, fritidsbåtar, metall og farleg avfall er kostnadsfritt for hushalda.

Totalt har gjenbruksstasjonane i 2021 teke i mot 7188 tonn avfall, ei auke på 91 tonn frå 2020. Mengda med farleg avfall har i perioden gått ned med 14 % til 638 tonn.

Tabellane under viser tonnasje og salsinntekter for gjenbruksstasjonane.

Avfall frå gjenbruksstasjonane i 2021									
	Svelgen	Smørhamn	Selje	Haugen	Svarstad	Eidsmona	Vedvik	Florø	Totalt
Restavfall	266	218	197	630	563	424	696	383	3375
Trevirke	66	70	53	259	191	125	223	115	1100
Stål	46	49	51	103	78	140	90	41	598
EE-avfall	34	39	43	87	45	68	54	18	388
Hageavfall	15	56	20	70	0	30	184	44	417
Farleg avfall	37	48	53	120	101	133	69	77	638
Anna	91	64	37	109	92	113	110	55	671
Totalt	554	544	453	1378	1069	1031	1427	732	7188

Tabell 5: Avfallsmengder motteke på gjenbruksstasjonane



Tabell 6: Salsinntekter gjenbruksstasjonane

7.1 Gjenbruksstasjonen for Gloppen

Stasjonen er samlokalisert med NoMil sitt hovudanlegg i Eidsmona, og stasjonen er driven i eigen regi.

7.2 Gjenbruksstasjonane for Stad kommune

Nordfjordeid

Gjenbruksstasjonen har sidan 2016 vore lokalisert hos Ortra/ MyRø Invest AS sitt anlegg på Haugen. NoMil inngjekk i 2017 ei 11-års avtale med MyRø Invest AS om leige og drift av gjenbruksstasjonen.

Selje

Stasjonen i Selje vert driven etter avtale gjeldande til 2025, med kommunen som stiller med både på personell og areal. Tilgjengeleg areal og personalsituasjon har tidvis gjort drift av stasjonen utfordrande i driftsåret. Kommunen og NoMil ser på moglegeheit for ei oppgradering av stasjonen.

7.3 Gjenbruksstasjon for Stryn kommune

NoMil har ei 10-års avtale frå 2017 med Tenden Miljø AS, der det meste av avfallsleveringa skjer innandørs i storhall. Gjenbruksstasjonen er samlokalisert med Tenden Miljø AS og ligg på Svarstad vest for Stryn sentrum.

7.4 Gjenbruksstasjonane for Bremanger kommune

Smørhamn

NoMil leiger på årsbasis eit privat areal til gjenbruksstasjonen i Smørhamn. Stasjonane er drifta i eigen regi.

Stølsborden

Stasjonen på Stølsborden i Svelgen vert leigd av Bremanger kommune. Stasjonen er drifta i eigen regi. NoMil er i dialog med kommunen om eventuell framtidig samlokalisering av gjenbruksstasjonane i Bremanger.

7.5 Gjenbruksstasjonane for Kinn kommune

Vedvik

Stasjonen for Måløy-regionen er lokalisert i Vedvik, som tidlegare var Vågsøy kommune sin avfallsplass. NoMil leiger areal med kommunen og driv stasjonen i eigen regi. Stasjonen har i meldingsåret størst omsetning av alle stasjonane.

Purkehola

Ny gjenbruksstasjonen for Flora-regionen er samlokalisert med renovasjons-avdelinga/omlastingsstasjonen i Purkehola. Stasjonane er drifta i eigen regi og handtere avfall frå 12.000 innbyggjarar i regionen, og er den største gjenbruksstasjonen i NoMil.

8. IVAHOLA AVFALLSPASS

Drifta på Ivahola avfallsplass vart avslutta i 2012 . Deponiet har gassanlegg for brenning og måling av metangass, men tekniske problem har resultert i langvarig driftsstans. Nødvendig opprusting av anlegget er utført, og målet er å få kalibrert og starta anlegget i 2022. Det har etter tilbakemelding frå Statsforvaltaren vore utført mindre tiltak på deponiet for å førebygge/eliminere uynskt gassutslepp. Analyse av sigevatnet viser ingen vesentlege endringar frå tidlegare målingar. NoMil har ansvar for kontroll og vedlikehald av deponiet og tilkomstveg i minimum 30 år.

9. HANDSAMING AV INNSAMLTA FRAKSJONAR

Restavfall.

Etter offentlig anbudsrunde vart det 03.02.2020 inngått ny avtale for transport og handsaming av restavfall med Geminor AS gjeldande frå 15.02.2020 til 15.02.2022 med opsjon på inntil 2 år.

Totalt 10 221 tonn restavfallet vart transportert av Thor Tenden Transport AS til forbrenning i Sarpsborg og Ålesund.

Våtorganisk avfall.

Våtorganisk avfall frå hushaldningane vert lasta om til lukka krokcontenar i Eidsmona, og frakta med egne lastebilar vidare til SIMAS sitt anlegg på Kaupanger i Sogndal. Grunna redusert mottakskapasitet hos SIMAS og auka avfallsmengde frå 2020, har mengda våtorganisk avfall som er sendt til kompostering gått ned.

Plastemballasje, papp og papir.

NoMil har avtale med Mona Vekst om å sortere og presse desse fraksjonane. NoMil omset returpapiret gjennom privat avtale med Geminor, og dette går til materialgjenvinning. Plastemballasje vert omset gjennom Grønt Punkt Norge, som organiserer materialgjenvinninga. I Vågsøy vert papp, papir og plast sortert og omsett gjennom ASVO Måløy.

Auka innadørs lagerkapasitet av plastemballasje, papp og papir, og endring i innhenting av plast har ført til betre kvalitet og auka prisar på levering med totalt 1,3 mill.

Glas- og metallemballasje.

Alle hushaldningsabonnentane har eigen dunk for glas- og metallemballasje med tømning kvar 12. veke.

Mengda innsamla glas- og metallemballasje har gått opp med heile 30 % frå 2020 til 2021 til 745 tonn.

Innsamla mengde har auka frå 13 kg i 2020 til 17 kg for kvar innbyggjar i 2021.

NoMil har leveringsavtale med Norsk Glas- og Metallgjenvinning/ Sirkel.

EE-avfall.

Elektrisk og elektronisk avfall vert omsett gjennom Norsirk. Innsamla mengde er 357 tonn, og har auka frå 7 kg i 2020 til 8 kg for kvar innbyggjar i 2021.

Farleg avfall.

Næringslivet skal dokumentere eigenskapar ved sitt farlege avfall gjennom elektronisk deklarasjon, medan NoMil utfører tilsvarande dokumentering på farleg avfall frå hushalda. Farleg avfall vert levert til ei rekke mottakarar, m.a. Norsk Gjenvinning, Renor, Batteriretur og Sunnfjord Miljøverk.

Trevirke og hageavfall.

Blanda/ureint trevirke blir etter avtale med Lindum AS gjeldande fram til 1. juni 2022 køyrt til anlegg i Sverige. Uregelmessig uttransport og nedbør fører til avvik i vekt på trevirke som vert sendt til forbrenning samanlikna med tørt trevirke som vert levert inn på anlegget. Det er levert kverna hageavfall til SIMAS frå anlegget i driftsåret.

Slam frå hushaldningane.

NoMil administrerer slam-ordninga for dei tre kommunane Gloppen, Stad og Bremanger. NoMil har avtale med operatør Norva24 for desse kommunane, fram til 31.12.2022.

10. ANBOD OG AVTALER I 2021.

NoMil følger lov om offentlige innkjøp. I meldingsåret er det inngått følgende avtaler.

Oversikt:

Avtaler	Fraksjon	Leverandør	Periode	Opsjon	Bruk opsjon
Transport inn	Hytteavfall/næring/inst.	Retura NoMil	01.21-01.22	Nei	
Transport/behandling	Restavfall transport/beh.	Geminor	02.20-02.22	1+1	
Transport/behandling	Trevirke / flis	Lindum	01.21 - 05.22		
Transport/behandling	Metall	Vartdal Gjenvinning	Løpande		
Transport/behandling	Plast	Grøn Punkt Norge	Løpande		
Transport/behandling	Papir og papp	Geminor	Løpande		
Behandling	Våtorganisk	Simas	Løpande		
Behandling	Glas- og metallemb.	Syklus	Løpande		
Bioposar	Våtorganisk avfall	Biobag Norge AS	03.21-03.23	1+1	

Tabell 7: Anbud og avtaler

EE-avfall og farleg avfall vert transportert til ulike spesialmottak for behandling på ikkje tidsavgrensa avtaler.

11. ØKONOMI

Rekneskapen for 2021 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr. 5.348.363,- mot budsjett på kr. 781.890,-, og eit resultat etter finans/skatt på kr. 5.161.537,- mot budsjett på kr. 268.923,-.

Driftsresultatet syner ei positiv driftsutvikling, og overskotet skuldast ei sunn drift og gode prisar på levering av metall, plastemballasje og papp/papir.

Totalt sett har dei samla inntektene auka med 7,1 mill. noko som utgjer 8,7% i høve til rekneskap for 2020, og 6,0 mill. og 7,2% mot budsjett. Auka skuldast i hovudsak ei generell gebyrauke og betre prisar på sal av avfallsfraksjonar.

Varekostnaden har gått ned med omlag 1,3 mill. og 3,2%. Nedgangen skuldast i hovudsak redusert volum og kostnader på restavfall til forbrenning med 0,6 mill. og avslutning av kontrakt på innkøyring av glas- og metallemballasje kostnadsført med 0,6 mill. i 2021. Dette arbeidet vert no utført av Nomil sjølv, og har auka kostnader for bilhold og løn.

Auka lønskostnader er på 0,2 mill. frå 2020, men 1,7 mill. under budsjett. Differansen mot budsjett skuldast pensjonskostnader trekt av premiereserve frå tidlegare år.

Avskrivningar og andre driftskostnadane auka samla med i overkant av 2,7 mill. tilsvarande 12,6% som og skuldast i hovudsak normal prisauke og auka avskrivningar med rundt 1,0 mill.

Sum driftskostnader auka med 1,7 mill. og 2,1% samanlikna med 2020, og 1,6 mill. og 1,8 % mot budsjett.

Med store driftsendringar og vesentleg aktivitetssauke dei siste åra, har det vore behov for sterk fokus på inntekts- og kostnadsutviklinga i selskapet for å betre driftsresultatet. I forhold til kravet om å skilje mellom privat (sjølvkostområdet) og næring er det utarbeidd eit fordelt rekneskap basert på fordelingsnøklar.


Dei mest vesentlege driftskostnadane	Resultat 2021	Budsjett 2021	Resultat 2020	(%)
• drift avfallsmottak	4,39 mill.	4,71 mill.	2,87 mill.	(+ 53,0 %)
• behaldarrenovasjon	26,69 mill.	26,27 mill.	26,83 mill.	(- 0,5 %)
• drift gjenbruksstasjonar	10,38 mill.	9,25 mill.	10,60 mill.	(- 2,1 %)
• løn og administrasjon	35,16 mill.	35,69 mill.	34,78 mill.	(+1,1 %)

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat. Styret kjenner ikkje til at det frå rekneskapen si avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling. Styret foreslår at den framlagde rekneskapen vert fastsett som årsrekneskap for selskapet.

Rekneskapen er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

Nøkkeltal	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal på anonnentar	14 183	14 408	14 521	14 836	20 155	20 764
Hushaldningsavfall (1000 tonn)	10 338	12 092	10 810	11 064	15 179	15 059
Tal medarbeiderar	10	18	21	25	32	37
Samla omsetning	47 247	51 903	60 730	64 838	81 981	89 073
Årets resultat	-716	-2 042	1 821	408	-333	4 901
Eigenkapital	10 418	8 375	10 196	10 604	15 616	11 653
Langsiktig gjeld	28 904	27 288	25 673	24 057	30 042	36 620

Rekneskapstal oppgjeve i 1000 kr.



Tabell 8: Nøkkeltal

12. BUDSJETT

Styret har vedteke driftsbudsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 med eit årleg overskot på 0,4 - 0,5 mill. Renovasjonsgebyr for hushaldningar og fritidsabonnement er auka med 3,0% i 2022 mot 5,5% i 2021. Prisar for næringsavfall er auka med 3,0% i 2022 tilsvarande som i 2021. Det er i 2022 budsjettetert med ordinært vedlikehald på bygg og anlegg, og innkjøp av nye renovasjonsbilar som følge av ordinær slitasje.

13. ÅRSVERK OG LIKESTILLING

NoMil hadde ved årsskiftet til saman 39 fast tilsette fordelt på 35,1 årsverk, av desse var 4 kvinner og 35 menn. Styret har i meldingsåret hatt 5 medlemmar fordelt på 2 kvinner og 3 menn med personlege varamedlemmar fordelt på 2 kvinner og 3 menn.

14. ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet i selskapet er etter styret si meining godt, og verksemda er tilknytt bedriftshelseteneste.

NoMil har eit samla registrert sjukefråvær i 2021 på 2,4% mot 5,2% i 2020, ei utvikling styret er nøgde med.

NoMil skal til ei kvar tid ha fokus på at tilsette i selskapet ikkje blir utsett for slitasje og skade som direkte eller indirekte kan knytast til arbeidet i selskapet. Det er fokus på HMS med strenge krav til bruk av verneutstyr. For å sikre eit akseptabelt sjukefråvær, er det kontinuerleg fokus på eit godt arbeidsmiljø.

15. ORGANISASJON

Det er ikkje gjort endringar i administrasjonen i 2021. Drift av abonnementsystem, økonomi- og lønsarbeid, marknadsføring- og informasjonsarbeid samt miljøfagleg område er fordelt i administrasjonen med hovudansvarleg med tilhøyrande støttefunksjon.

Desse endringane har gjeve god kapasitetsutnytting, større fleksibilitet og sikrar at daglege oppgåver vert løyst fortløpande i samband med ferieavvikling, sjukdom og liknande.

16. YTRE MILJØ OG BEREDSKAP

16.1 Industrivern

Hovudanlegget til Nomil underlagt plikt til industrivern. Avfallsbransjen er i samband med revisjon av industrivernforskrifta utpeika som ein bransje med mange, store risikoar, og særskilt i forhold til brann. Avfallsbedrifter som handterer og behandlar avfall, får plikt industrivern om det er meir enn 20 menneske som er til stade på eit anlegg. Industrivernet si oppgåve er å yte førsteinnsats i samband med brann, ulykker, personarskadar og forureining.

I Eidsmona er det etablert eit felles industrivern for NoMil og Retura Nomil. Industrivernet har forsterking for brann som medfører tyngre sløkkeutstyr og særskilte kunnskapar om brann. 6 personar vert øvd og kursa som innsatspersonale, medan resterande tilsette utgjer ei orden og sikringsgruppe, samt ein redningsstab.

Etablering av industrivern medfører utvikling av planverk, jamlege øvingar og opplæring. Det er krevjande å skulle gjennomføre dette, då alle tilsette inngår med funksjon i industrivernet.

16.2 Utsleppsløyve og EU sitt industriutsleppsdirektiv

Utsleppsløyve set rammene for kva slags avfall ein kan ta i mot og lagre, samt kor mykje ein kan i ta i mot per år. Nomil måtte som konsekvens av kommunesamanslåingane søke om auka rammer for mottak og lagring av avfall på hovudanlegget i Gloppen. Samstundes søkte ein om å få utvida løyve til og å gjelde på nabotomta, som Nomil har kjøpt. I det nye løyvet har Statsforvaltaren teke inn krav og vilkår frå EU sitt industriutsleppsdirektiv. Direktivet skal i avfallsbransjen vere gjennomført innan august 2022.

Innføringa av dette direktivet vil føre til store endringar i drifta av anlegget. Mellom dei mest resurskrevjande krava som kjem i det nye utsleppsløyvet er: alt avfall skal lagrast og handterast innandørs, avløp frå produksjonsområde må skiljast frå eksisterande avløp, kartlegging av grunnforureining og innføring av omfattande kontrollrutinar.

17. AVSLUTNING

Driftsåret 2021 har vore prega av høg aktivitet etter tidlegare endringar i eigarstruktur, industri- og brannvern, avslutningstiltak knytt til Ivahola avfallsdeponi, samt tilpassingar til nytt utsleppsløyve på hovudanlegget i Eidsmona gjeldande frå juni 2020 med nye og strengare krav til avfallshandtering, lagring og utsleppskontroll.

I samband med endringar på eigarsida, har det vore brukt vesentleg med ressursar på tilrettelegging og oppfølging av 5900 fleire abonnentar sidan 2019 som utgjer ei auke på heile 40%.

Koronatiltak er vidareført i driftsåret, mens den høge avfallsmengda frå føregående år har normalisert seg.

Selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2022 er revidert i driftsåret, og vedteken av alle kommunestyra.

Styret er nøgde med den daglege drifta av organisasjonen og dei disponeringar som er gjort, og vil nytte høve til å takke alle tilsette for godt utført arbeid i selskapet.

Sandane, 31.12.2021/ 21.03.2022



Sven Flo
Styreleiar


Siri Sandvik
Nestleiar


Gunnvor Sunde
Styremedlem


Espen Sortevik
Styremedlem


Jan Henrik Nygård
Styremedlem


Inge Bent Arnestad
Adm. direktør

Resultatrekneskap for 2021

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2021	2020
Driftsinntekt			
Driftsinntekt hushald		67 818 392	61 429 796
Driftsinntekt næring		13 331 343	12 849 928
Slangebyr		7 923 327	7 700 794
Sum driftsinntekter		89 073 062	81 980 518
Driftskostnad			
Varekostnad		-38 704 718	-39 965 332
Lønskostnad	1,2,3,4	-20 477 402	-20 260 483
Avskrivning driftsmidler og immaterielle egedelar	7	-4 585 971	-3 596 645
Andre driftskostnader	6	-19 956 608	-18 206 391
Sum driftskostnader		-83 724 699	-82 028 851
Driftsresultat		5 348 363	-48 333
Anna renteinntekter		162 557	160 914
Sum finansinntekter		162 557	160 914
Anna rentekostnader		-349 383	-446 048
Sum rentekostnader		-349 383	-446 048
Netto finans		-186 826	-285 134
Ordinært resultat før skattekostnader		5 161 537	-333 467
Skattekostnad på ordinært resultat	10	-260 507	0
Ordinært resultat		4 901 030	-333 467
Årsresultat		4 901 030	-333 467
Overføringer			
Anna egenkapital		4 901 030	-333 467
Sum		4 901 030	-333 467

Balanse pr. 31. desember 2021

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2021	2020
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygninger og anna fast eige-dom	7	27 765 050	29 599 350
Driftslausøyre, inventar, verk-tøy, kontormaskiner mv.	7	<u>6 697 750</u>	<u>8 286 550</u>
Sum varige driftsmidler		34 462 800	37 885 900
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>765 874</u>	<u>738 896</u>
Sum finansielle anleggsmidler		765 874	738 896
Sum anleggsmidler		35 228 674	38 624 796
Omløpsmidlar			
Varer		<u>0</u>	<u>170 000</u>
Sum varer		0	170 000
Fordringar			
Kundefordringar	8	2 055 502	3 733 416
Andre fordringar	5	<u>3 913 812</u>	<u>2 840 260</u>
Sum fordringar		5 969 314	6 573 676
Bankinnskot, kontantar og liknande	9	<u>20 869 516</u>	<u>11 050 987</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		20 869 516	11 050 987
Sum omløpsmidlar		26 838 830	17 794 663
Sum omløpsmidlar		62 067 504	56 419 459

Balanse pr. 31. desember 2021

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2021	2020
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Andelskapital		<u>2 981 978</u>	<u>2 981 978</u>
Sum innskoten eigenkapital		<u>2 981 978</u>	<u>2 981 978</u>
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	12	<u>8 671 058</u>	<u>3 770 028</u>
Sum opptent eigenkapital		<u>8 671 058</u>	<u>3 770 028</u>
Sum eigenkapital		<u>11 653 036</u>	<u>6 752 006</u>
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Andre avsetningar for forpliktingar	13	<u>8 794 571</u>	<u>8 864 371</u>
Sum avsetning for forplikingar		<u>8 794 571</u>	<u>8 864 371</u>
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	14	<u>27 826 366</u>	<u>30 041 900</u>
Sum anna langsiktig gjeld		<u>27 826 366</u>	<u>30 041 900</u>
Sum langsiktig gjeld		<u>36 620 937</u>	<u>38 906 271</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		7 127 195	4 500 202
Betalbar skatt	10	260 507	0
Skuldige offentlege avgifter		1 317 222	1 247 273
Anna kortsiktig gjeld		<u>5 088 607</u>	<u>5 013 706</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>13 793 531</u>	<u>10 761 181</u>
Sum gjeld		<u>50 414 468</u>	<u>49 667 452</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>62 067 504</u>	<u>56 419 458</u>

Sandane 31.12.2020 / 21.03.2021


Sven Flo
Styreleiar


Espen Sortevik
Styremedlem


Siri Sandvik
Nestleiar


Jan Henrik Mygård
Styremedlem


Gunnvor Sunde
Styremedlem


Inge Bent Arnestad
Adm.direktør

Nordfjord Miljøverk IKS

Notar til rekneskapen for 2021

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god regnskapsskikk for små føretak. Frå 01.01.2014 er det innført skatteplikt på handtering av næringsavfall, jfr skattelova § 2-5. Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved levering.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som knyter seg til varekretsløpet. For andre postar enn kundefordringar, omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter transaksjonsdagen. Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfell seinare enn eit år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidlar vert vurdert lavast av innkjøpspris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurdert til innkjøpspris. Varige anleggsmidlar er avskrivne etter vurdert avskrivingsplan. Anleggsmidlane er nedskrive til verkeleg verdi med verdifall som ikkje er forventa å være forbigåande. Langsiktig gjeld, med unntak av andre avsetningar, er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar.

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar vert det gjort ei uspesifisert avsetning for framtidige tap.

Tilknytte selskap.

Nordfjord Miljøverk IKS eig aksjar i følgjande selskap:

- Retura AS 60 aksjar
- Retura Nomil AS 300 aksjar, eigardel er 33%.

Det er fakturert varer og tenester til Retura Nomil AS for kr 4.380.076,- (eks. mva) i 2021. Det er kjøpt varer og tenestar frå Retura Nomil AS for kr 2.502.777,- (eks. mva) i same poerode. Kundekonto Retura Nomil AS er pr. 31.12.21 på kr 1.079.774,-
Leverandørreskontro Retura Nomil AS er pr. 31.12.21 på kr 197.638,-

Varebeholdning

Lager av avfall er vurdert til faktisk kontraktsfesta leveringskostnadar.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseført og avskrive når vurdert levetid er over 3 år og kostpris er over kr 15.000,-. Direkte vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført løpande under driftskostnadar, mens påkost eller forbetringar vert tillagt opprinneleg kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfattar både periodens betalbare skatt og endringar i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlika og skatteverknaden er bereka på nettogrunnlaget. Det er ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2020 til 2021.

Note 1 Antall årsverk

Verksemda har hatt 35,1 årsverk sysselsett i rekneskapsåret.

Note 2 Lønskostnader m.v.

Spesifikasjon av lønskostnader	2021	2020
Løn	17 657 855	16 331 194
Arbeidsgjevaravgift	1 505 325	1 631 613
Pensjonskostnader	868 904	1 687 195
Andre ytingar og refusjonar	445 318	610 482
Sum	20 477 402	20 260 484

I 2021 har Nordfjord Miljøverk Iks brukt kr 1 697 246,- av premiefondet i KLP, dette redusera årets pensjonskostnad

Note 3 Obligatorisk tenestepensjon

Verksemda pliktar å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Gjeldande pensjonsordning stettar gjeldande lovkrav.

Note 4 Ytingar til leiande personar

	Dagleg leiar	Anna godtgjerse
Løn	922 287	40 065

Note 5 Lån og garantiansvar til leiande personar

Det er ikkje gjeve lån eller finansielle garantiar til leiande personar.

Note 6 Revisjonshonorar og andre tenester

	2021	2020
Kostnadsført revisjonshonorar	31 500	40 000
Andre tenestar	0	0
Sum	31 500	40 000

Note 7 Spesifikasjon varige driftsmidlar	Bygningar/ Driftslausøyre			Sum
	Tomtar	fast eigedom	inventar o.l.	
Kostpris 01.01.2021	4 954 650	39 561 225	17 955 007	62 470 882
Tilgang i året	0	139 000	1 023 871	1 162 871
Avgang i året	0	0	-693 180	-693 180
Kostpris 31.12.2021	4 954 650	39 700 225	18 285 698	62 940 573
Akkumulert av- og nedskrivning 01 .01.2021		-14 916 525	-9 668 457	-24 584 982
Akkumulert avskrivning 31 .12.2021		-16 889 825	-11 587 948	-28 477 773
Akkumulert nedskrivning 31 .12.2021			0	0
Balansført verdi pr. 31.12.2021	4 954 650	22 810 400	6 697 750	34 462 800
Årets avskrivningar		-1 973 300	-2 612 671	-4 585 971
Økonomisk levertid		5 - 50 år	3 - 20 år	
Avskrivningsplan: Lineær		2 - 20 %	20 - 33,33 %	

Note 8 Kundefordringar

Kundefordringar er vurdert til bokført verdi, nedskrive med forventta tap på fordringar.

Spesifikasjon kundefordringar	2021	2020
Kundefordringar til bokført verdi	2 743 502	4 221 416
Avsett til dekning av usikra fordringar	-688 000	-488 000
Netto oppførte kundefordringar	2 055 502	3 733 416

Note 9 Bankinnskot

I post for bankinnskot er eigen konto for bundne skattetreksmidlar kr. 765.496,- medrekna.
Skuldig skattetrekk er kr. 738.221,-

Note 10 Skatt

Grunnlag for berekning av skatt	2021	2020
Ordinært resultat før skattekostnad	5 161 537	-333 469
+/- Permanente forskjellar	-4 570 369	330 226
+/- Årets endring i midlertidige forskjellar	1 528 726	458 680
- Framførbart underskot / korreksjonsinntekt	-935 771	-455 437
Årets skattegrunnlag	1 184 123	0
+/- For lite/mykje avsett skatt tidlegare år	260 507	0
Skattekostnad i resultatrekneskapen	260 507	0
Betalbar skatt i skatterekneskapen	260 507	0
Betalbar skatt i balansen	260 507	0

Note 11 Midlertidige forskjellar - utsett skatt/skattefordel

Utsett skatt/skattefordel i balansen er avsett på grunnlag av forskjell mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier i henhold til norsk rekneskapsstandard for skatt.
Midlertidig skatteauke og skattereduserande forskjellar som kan utliknast, er nettoført.

Midlertidige forskjellar knytt til:	01.01.2021	31.12.2021	Endring
Anleggsmidlar	-1 879 211	-3 207 937	1 328 726
Omløpsmidlar	-488 000	-688 000	200 000
Skattemessig framførbart underskot	-935 771	0	-935 771
Netto forskjell	-3 302 982	-3 895 937	592 955
Skattereduserande forskjellar som ikkje kan utliknast	0	0	0
Sum midlertidige forskjellar	-3 302 982	-3 895 937	592 955
Utsett skattefordel 31.12.2021 basert på 22%	-726 656	-857 106	130 450

Ut frå varsemdsomsyn vert ikkje skattefordel på kr. 857.106,- balanseført.

Note 12 **Eigenkapital**

	Innskudd kapital	Anna EK	Sum
Eigenkapital			
01.01.2021	2 981 978	3 770 028	6 752 006
Årets resultat		4 901 030	4 901 030
Eigenkapital			
31.12.2021	2 981 978	8 671 058	11 653 036

Etterdriftsfond Ivahola og slamfond (utjamningsfond) var behandla som ein del av eigenkapitalen i 2020. I 2021 har vi klassifisert dette som ein forpliktelse sjå note 13.

Note 13 **Avsetningar og forpliktingar**

	Forpliktelsar 01.01.21	Endring 2021	Forpliktelsar 31.12.21
Etterdrift Ivahola	4 892 104	-156 192	4 735 912
Slamfond	3 972 267	86 392	4 058 659
Sum forpliktingar	8 864 371	-69 800	8 794 571

Note 14 **Pantstilling og garantiar**

Spesifikasjon	2021	2020
Gjeld til kredittinstitusjonar inkl. neste års avdrag (korts. gjeld)	27 826 366	31 857 434
Anna langsiktig gjeld (inkl. finansiell leasing)	0	0
Sum	27 826 366	31 857 434
Balanseført verdi av eigendelar pantsett for eiga gjeld	34 462 800	37 885 900
Selskapet sine varer som er stilt som trygd for andre selskap i konsernet er avgrensa til	0	0
Sum	34 462 800	37 885 900

Av langsiktig gjeld på kr. 27.826.366,- forfell kr. 19 764 230 om meir enn 5 år.

VESTLAND REVISJON

Kommunalt Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS

Dykkar ref.:

Vår ref.:
At

Arkivkode:

Journalnr.:
56/2022

Dokumentdato:
28.03.2022

MELDING FRÅ REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Nordfjord Miljøverk IKS som viser eit overskot på kr 4 901 030. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldane lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg og under dette dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmelding og ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for årsmelding og ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjon i årsmeldinga eller ytterlegare informasjon. I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om årsmeldinga eller den ytterlegare informasjonen inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga eller ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik

intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsatt drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knyta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at selskapet ikkje held fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.


Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Med helsing



Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor

VESTLAND REVISJON

Kommunalt Oppgåvefelleskap